



Det kongelege barne- likestillings- og inkluderingsdepartement

Vår dato: 12.11.2012

Postboks 8036 Dep.
0030 OSLO

Vår ref.: 2012/598

Dykkar dato: 05.09.2012

Dykkar ref.: 12/3288

Sakshandsamar :KJH

Høyring - Framlegg til endringar i barnevernlova - Framlegg om endringar i finansieringsansvaret og i den faglege samhandlinga mellom stat og kommune - framlegg til styrking av barn sine rettar m.m.

Høgskulen i Volda utdannar både barnevernspedagogar og sosionomar. Vi har dessutan masterutdanning med valfrie emne innan barnevern. Barnevern er eit såleis sentralt undervisningstema både på bachelor- og masternivå ved vår utdanningsinstitusjon.

Det er bra at departementet justerer lovheimlar som regulerer barnevernets organisering, ansvarsfordeling og finansiering, og at fokuset blir meir tydeleg i høve barns rettar og rettstryggleik. Vi har valt å kommentere nokre punkt i framlegget:

Generell kommentar:

Presiseringa ved bruk av namngitt etat, Barne- ungdoms og familieetaten, gjennomgåande i lovteksten er fornuftig, men vil medføre redaksjonelle endringar ved evt. framtidig namneendring.

Kommentarane til dei einskilde paragrafane og kapittele i lovteksta er i same rekkefølge som lova.

Ny §1-1a Krav om forsvarlighet.

«Tjenester og tiltak etter denne loven skal være forsvarlige». Sidan dette kravet nå har kome inn i anna lovverk (eks. i helse- og omsorgstenestelova) er det rimeleg at det også kjem inn i barnevernslova sin formålsparagraf.

§2-3b Om statlig tilsyn

Forslaget til tilleggstekst om at § 2-3b om at fylkesmannen sitt tilsynsansvar også skal gjelde omsorgstenester for mindreårige og for private institusjonar, er i tråd med at lova gjeld for alle barn i landet.

Ny § 3-5 andre ledd om fengsling av barn under 18 år og tilrettelegging av tiltak ved varetekt eller soning.

Dette er ungdom i risikozonen for å fortsette ei negativ framferd, og det er difor viktig at barnevernet får eit ansvar, saman med kriminalomsorga, for å tilrettelegge for formålstenelege tiltak.

§ 4-4. Det er fornuftig at oppstillinga av ulike type hjelpetiltak er tatt ut av teksta, sidan det likevel ikkje var ei uttømande liste. Dette kan opne for at sakshandsamar i større grad kan tilpasse hjelpetiltak til den einskilde framfor å gå etter dei alternativa som er skissert i lova.

§4-19 Det er bra at samværet mellom søsken er presisert

§4-25 andre ledd. Tillegget om at tidspunktet for akutt plassering skal inngå i den totale plasseringstida, er ei god presisering.

Kap. 5 om institusjonar

Forslaget om endring i kap.5 og ny lovparagraf (§ 5a) om «institusjoner med behandlingshjem» og at «hjemmet skal være knyttet til en oppfølgingsenhet» verkar uklart.

Er «behandlingshjemmet» eit tilleggstiltak under opphaldet på institusjon, og skal det bli ein eigen oppfølgingseining i tillegg til det oppfølgingsansvaret kommune og institusjon (BUFetat) har for den enkelte ungdom slik reglane er i dag? Eller skal dette verte forstått som ein forsterka fosterheim? I så fall har ein gitt eit nytt og unødvendig vanskeleg namn på ei eksisterande ordning, noko som berre er forvirrende og unødvendig.


Kap. 7 om sakshandsamingsreglar i fylkesnemnda.

At fristen for å reise søksmål etter § 7-24 er sett ned med ein måned (frå to til ein) vil være i tråd med omsynet til at barn raskt bør få beskjed og klargjort omsorgssituasjonen si, og i tråd med fristen for sivile saker.

Kap.9 om finansiering

Forslaget til språklege endringar i § 9-4 om Buf-etat sitt økonomiske ansvar ved plassering av barn utanfor heimen og § 9-5 om kommunens eigenandel ved familieopphald i institusjon, er ei god presisering.

Med helsing



Ketil Jarl Halse
Dekan

Kopi til: